


PLANPROGRAM SKJOLD



Områdeplan for Skjold

*Korleis kan ein områdeplan sikre ein heilskapleg plan for infrastruktur og det offentlege rom?
Korleis kan planen samtidig skape eigarskap og entusiasme for ei berekraftig utvikling av bustad og sentrum?*

Bakgrunn



Befolkningsvekst, gammalt planverk, trafikkutfordringar og behov for avklaring og utvikling av sentrum.

Det skal utarbeidast planprogram for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn

Kva vil me oppnå



Me ønskjer både ein strategisk plan med gode målsettingar og visjonar for Skjold, men også ein operasjonell plan som har gode og konkrete løysingar. Visjonen må sikre livskraftige knutepunkt og binde saman og danne ein solid og handlekraftig tettstad for Skjold inn i framtida.

Hovudmål frå kommuneplanen

Me vil bygge ein trygg tettstad og eit sterkt sentrum som skal vere god å bu i og besøka. Her vil me kunne vere aktive heile livet og ha ei berekraftig utvikling og trygge og gode vegar og stiar.

Rammer



Viktige tema for planen

Tettstaden historisk og fram til i dag, tilgjenge for gåande, tilgjenge for køyrande, natur og miljø, kulturmiljø, friluftsliv, bumiljø, sentrumsutvikling, skule og fritidsaktivitetar.

Planområdet

Planområdet er i hovudsak avgrensa mellom dei to store knutepunkta i tettstaden (Isvik og Vikaneset) og tar med områda med dei største utfordringane knytt til trafikkavvikling.

Me har ein plan for utgreiingar

Naturmangfald, kulturminne og - miljø, trafikk, areal og transport og tilgjenge for alle og særleg barn og unge sine oppvekstvilkår


God planprosess og ein framdriftsplan

Mål om ferdig plan i løpet av 2027.


Medverknad og kommunikasjon gjennom heile prosessen

Dialog, informasjon og medverknad på ulike arenaer avhengig av tema

Korleis skal me løyse oppgåva



Planprosess



Høyring av planprogram

	<i>Høyring av planprogram fram til 31.12.2025.</i>
	<i>Ope informasjonsmøte i Skjold arena 02.12.2025 frå kl 18-20</i>
	<i>Send uttale til: postmottak@vindafjord.kommune.no</i>
	<i>Spørsmål til planarbeidet:</i> <i>e.post: Anne.sofie.sandvik@vindafjord.kommune.no</i> <i>Tlf: 93 64 60 43</i>